



Her blir det 130 meter ny asfalt.

**Skårhaug Vel, eller rettare sagt dei som bur i Skårhaug, tek eit nytt løft med vegstellet sitt. Fredag starta Haugland Maskin jobben med steg to i Operasjon Asfalt. No skal det bli svart teppe heilt til topps på hovudvegen gjennom feltet.**

For to år sidan vart det lagt asfalt frå krysset med fylkesvegen og forbi svingen.og nå blir asfalteringa ført vidare rundt regna 130 meter. Samstundes blir 3 private stikkvegar til Haugland, Eidsvik og Steinsletten asfalterte utan at velforeninga har noko å gjera med denne delen av prosjektet. Medan Haugland har heile entreprisen står NCC også denne gongen for sjølve asfaltleggjinga.

Førebuingane som truleg vil ta ei vekes tid er kalkulert til 35.000 kroner medan sjølve asfalten vil kosta rundt 200 kroner pr. kvadratmeter opplyser leiar i Skårhaug Vel Jan Henrik Hansen til uskedalen.no

Han håpar asfalten vil komma i slutten av denne eller starten på neste veke, men det kan også tenkast at Skårhaug-leggjinga vil inngå i eit større program i Uskedalen. I alle tilfeller er det stor tilfredsheit i Skårhaug over det som skjer for her er det bratt og tildels problematisk å ta seg fram - aller mest vinterstid.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ein av stikkvegane som skal asfalterast